

Eldsjelpris

I år skal Skodje kommune tildele Eldsjelpris. Eldsjelprisen skal gå til ein person som har ytt ein særleg stor frivillig innsats i Skodje kommune. Arbeidet skal vere knytt til humanitære eller kulturelle tilhøve i kommunen.

Kanskje vi ikkje tenkjer så mykje over det i kvardagen, men utan frivillige lag og dugnadsinnsats ville det sett annleis ut både i bygd og by. Kor, korps, idrettslag, teaterlag, ungdomslag, speidar, barneforeningar, velforeningar og mange andre gir tilbod om positivt samvære om positive aktivitetar - med andre ord trivsel og folkehelse.

Sjølv om det berre er éin prisvinnar er det ei ære å bli foreslått. Så finn fram penn og papir og skriv kvifor akkurat ho eller han bør få prisen.

Forslag på kandidatar skal sendast som e-post til magne.fylling@skodje.kommune.no, eller i brev til Skodje kommune, Rådhuset, 6260 Skodje.

Frist: 15. september.

ÅRIM

ÅRIM (Ålesundsregionen interkommunale miljøselskap IKS) har tatt over fakturering av **renovasjon** (avfall) og **slamtøming** (septiktank) i kommunen. Du vil difor få faktura frå ÅRIM for desse tenestene.

Dersom du har spørsmål om renovasjon eller slamtøming, ta kontakt med ÅRIM på telefon 70 31 41 00 eller post@arim.no.

Faktura for **vatn**, **avløp** og **feing** kjem framleis frå Skodje kommune. Spørsmål om desse tenestene kan rettast til Skodje kommune, tlf. 70 24 40 00.

Hugs at du kan opprette eFaktura-avtale, eller AvtaleGiro-avtale for automatisk betaling av rekningar.

Gode resultat ved Skodje ungdomsskule

Avgangselevane våren 2016 gjekk ut frå Skodje ungdomsskule med svært gode resultat. Det fortel statistikk frå Utdanningsdirektoratet. Det er andre året på rad med positive tal for Skodje ungdomsskule.

Både når det gjeld grunnskulepoeng og eksamenkarakterar låg fjorårets 10. trinn ved Skodje ungdomsskule over både fylkes- og landsgjennomsnittet med klar margin.

Den gjennomsnittlege tiandeklassingen ved Skodje ungdomsskule våren 2016 fekk 42,4 grunnskulepoeng, noko som svarar til 4,24 i karaktarsnitt. Det er meir enn ein tidel betre enn lands- og fylkessnittet på høvesvis 41,1 og 41,0.

Dei gode standpunktarakterane vart understøtta av solide resultat på skriftleg eksamen.

I engelsk var karaktarsnittet 4,1 ved Skodje ungdomsskule, medan det i Møre og Romsdal og nasjonalt vart 3,6.

I matematikk fekk elevane våre 3,5 i snitt, medan fylke og nasjon fekk 3,3.

I norsk, som består av to eksamenar – hovudmål og sidemål – fekk våre elevar 3,5 i gjennomsnittskarakter, medan det nasjonale snittet låg på 3,35.

Vi gratulerer fjorårets tiandeklassingar med framifrå resultat, og ønskjer dei samstundes lukke til på vidaregåande skule.

Fagdag om kommunikasjon med personar med demens

Gomerhuset, torsdag 22. september 2016

Skodje kommune inviterer alle interesserte til fagdag med tema kommunikasjon med personar med demens, basert på ei personsentrert tilnærming. Kjernen i personsentrert omsorg er å møte menneske med demenssjukdom som unike personar gjennom heile sjukdomsforløpet. Individuell tilrettelegging er viktig, samt å sørge for ei oppleving av inkludering og støtte frå miljøet. Å ta personen med demens sitt perspektiv, og forstå åtferd som ein måte å kommunisere behov på, vil vere eit sentralt tema.

Foredragshaldar er Anne Marie Mork Rokstad, forskar ved Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse. Ho er utdanna sjukepleiar med vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie. Ho har mastergrad i helse- og sosialfag frå Høgskolen i

Molde og doktorgrad frå Universitetet i Oslo. Mork Rokstad har lang klinisk erfaring med demens frå alderspsykiatrisk avdeling, Molde sykehus.

Dagen er delt i to like økter. Første økt er kl. 09.00-11.30, den andre kl.12.30-15.00.

Påmelding til: per.lokkeborg@skodje.kommune.no. Gi beskjed om kva økt du vil delta på.

Påmeldingsfrist er 18. september.

Kurset er gratis for tilsette i Skodje kommune, og personar som bur i Skodje kommune. Andre: Kr. 200,-.

Velkommen!

Ope møte om demensomsorg

Arbeidsgruppe for demensomsorga arrangerer ope møte omkring demens på **Gomerhuset torsdag 22. september kl.18.00**. Vi ønsker å få innspel om nosituasjon for personar med demens og deira pårørande.

Arbeidsgruppa består av politikarar, pårørande og fagpersonar, og skal kome med forslag til tiltak som kan betre tilbodet til denne gruppa.

Litt etter den 22. september vil vi halde eit ope møte til, omkring moglegheiter og utfordringar for personar med demens og deira pårørande. Dato for dette møtet er ikkje sett. Veke 38 er aksjonsveke for demensomsorga, og der vil vere bl.a. bøsseberarar i aksjon denne veka.

Vi håper på godt oppmøte for å belyse situasjonen for denne gruppa.

Litt av kvart

Husnummer-skilt

Mange har den siste tida fått tildelt vegadresse. Vi minner om at huseigar har plikt til å setje opp husnummerskilt. Dette vil vere til stor hjelp for alle som har behov for å finne raskt fram i kommunen, som t.d. utrykningskøyretøy, heimesjukepleie, varelevering osv.

Open dag på brannstasjonen

I samband med Brannvernveka vert det open dag på brannstasjonen **laurdag 24. september kl. 12.00 - 16.00.**

Brannvernveka er ein årleg landsomfattande informasjonskampanje som vert arrangert av Norsk brannvernforening. Meir informasjon på brannvernuka.no.

Skuleskyss - nye rutetider

Nye rutetider for skyssen til og frå ungdomsskolen:

- Skyssen om Utvika startar frå Moa kl. 07.25.
- Retur for Engesetdalen og Stette går måndagar kl. 14.25. Andre dagar kl. 14.40.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 13. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 6. desember.

TV-aksjonen

23. oktober skal 100 000 bøsseberarar ut å gå for TV-aksjonen, slik at alle husstandar i Norge får besøk. For å klare dette jobbar rundt 7 000 frivillige for å mobilisere og organisere bøsseberarar på TV-aksjonsdagen.

Lokalt engasjement er noko av det som gjer TV-aksjonen heilt unik, og vi set stor pris på nettopp din innsats.



TV-aksjonen er i år til inntekt for Røde Kors.

Bli bøsseberar!

Du kan registrere deg som bøsseberar på internett, på nettsida blimed.no.

Du kan også ringe Skodje kommune, 70 24 40 00, eller Øystein Molvær: 414 23 942.

**SAMMEN FÅR
VI HJELPEN
HELT FREM**



Dette skjer

SkodjeDagane 2016

Skodje skulekorps inviterer til salsmesse i og rundt Gomerhuset i Skodje sentrum. Vi ynskjer å få til ei spennande messehelg, med variert program og underhaldning for einkvar smak.

Messa er open laurdag 17. og søndag 18. september kl. 11.00 - 17.00.

Loppemarknad

Det vert også i år loppemarknad under SkodjeDagane.

Vi held ope kl. 11.00 - 17.00 både laurdag og søndag. Og vi treng lopper!

Loppemarknad er arenaen for gjenbruk – her kan du levere lopper eller finne nye skattar. Vi tek i mot det meste av ting og tang, så sant det er brukande og enkelt å handtere.

El-artiklar og klede tek vi ikkje imot.

Lopper kan leverast på Gomerhuset, fredag 16. september frå kl. 18.00. (Inngang på nordsida, frå grusbana.) Har du lopper, men treng hjelp til å frakte dei, kan du ringe vår kontaktperson Hanne Ski på tlf. 976 21 822.

Strikkekafé

Røde Kors arrangerer strikkekafé på Jentekolonien, og ønskjer seg fleire deltakarar.

I haust vert det strikkekafé på desse datoane (onsdagar) kl. 19.00 - 21.00:

7., 14. og 28. september

5., 12. og 26 oktober

2., 9., 23. og 30. november

"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no